

# Kyrkjetonar



## Om dugnad og penger

**Men det er deg, Herre, eg ventar på.  
Du vil svare meg, Herre, min Gud.**  
Salme 38,16

### Framsidediletet:

Middagslaging på Off-pisteweekend med konfirmantane i Nedstrand og Skjoldastraumen.

foto: Ingrid H. Landro

## Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft,  
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.  
Mobiltelefon 900 26 142,  
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Ingunn Grønnestad,  
Ingrid Hustoft Landro, Edvin Gjerde,  
Asbjørn Erdal

Post til redaksjonen kan også sendast:  
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon:  
52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.07.61212.  
Frivillig kontigent: kr. 150,-  
Kasserar: Børge Løype,  
5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22  
Grafisk utforming: Ståle Hustoft

For nokre dagar sidan fekk eg brev om at eg var med på dugnad. Det visste eg ikkje. I brevet stod det at næringa hadde sett igang ein landsomfattande dugnad. Formålet er godt, men det streika litt inni meg når eg ikkje vart invitert med på dugnad - men fekk beskjed om at eg skulle vera med.

I det siste har finansieringa av kyrkja vore framme i media. Ei finansieringsløysing som m.a. gjer at Den Norske Kyrkja får tilnærma like økonomiske rammer uavhengig av kor mange medlemmer kyrkja har.

Ein kan ikkje rekna med at dette vert uforandra i all framtid, og allereie no jobbar fleire sokn med finansiering av ulike stillingar og tenester. Anten det er for å kunne tilby eit minimum av tenester, eller gjera arbeidet endå betre, så krev det pengar og innsats.

I dette nummeret kan du lesa leiari i Førresfjorden sokneråd sine tankar rundt gåver og fast gjevarteneste. I Nedstrand sokn bles ein i desse dagar liv i stillinga som "familiearbeidar" - ei stilling som har stått ubesett i nokre år.

Anten det gjeld dugnad, finansiering av arbeidet i kyrkja eller å vera med som ei hjelpande hand i arbeidet i kyrkja, så er invitasjonen viktig.

Det er ein vanskeleg balansegang å seia "me treng deg og ditt bidrag" samstundes som me må seia "du er like velkommen i vårt felleskap anten du gir tid og pengar, eller ikkje."

Eg trur me får sjå fleire aksjonar i åra framover der ein spør etter hjelpande hender til Kyrkjenær, pengar til stillingar og utstyr i kyrkja og dugnad for å få ting gjort. Det er ein overgang for ei kyrkje som har meir og meir aktivitet, og mindre og mindre statleg finansiering.

redaktørens hjørne



Ståle Hustoft

Redaksjonen avslutta: 5. september



For nokre veker sidan stod eg og nå min ektemann framføre presten i kyrkja og lova kvarandre å leve saman i godt og vondt. Vi gav kvarandre handa og kvar sin ring, for å forsegle dette løftet. Vi knelte, fekk velsigning frå presten, med våre beste vener og nær familie som vitne i kyrkjerommet. For meg var det aldri tvil om at det var i kyrkja eg ville inngå ekteskap.

Men kvifor? For meg er spørsmålet enkelt å svare på. Eg har eit forhold til kyrkja, og den er ein naturleg del av livet mitt. I juletider, i påska og ved store høve som dåp, gravferd eller konfirmasjon, er kyrkja og det den representerer høgdepunkt i mine auge. Så for min del, var det aldri noko anna alternativ enn å gifte seg i kyrkja. Eg ville få velsigning over ekteskapet vårt, og det betyr mykje for meg personleg. Men kva er eigentleg skilnaden på å gifte seg i kyrkja og å inngå ekteskap borgarleg? For å være ærleg, har eg sjølv lite kjennskap til sistnemnde.

Førebuingane til den store dagen vil nok vere stort sett dei same. Vil ein finne seg brudekjole? Ja. Vil ein kjøpe ringar? Ja. Vil den kommande brud øse seg opp og kjefte på sin kommande ektemann for for lite engasjement for den store dagen? Svært sannsynleg. Ein må signere papir frå folkeregisteret, forlovarar må love dyrt og hellig at dei ikkje veit om noko muffins om vedkommande dei skal vere forlovarar for, og ein må motta prøvingsattest frå staten som stadfester at ein har lov til å gifte seg med kvarandre.

På sjølve bryllaupsdagen vil nok også mykje vere likt. Ein tar på seg finstasen, familien kjem for å feire

saman med brureparet og brura går kanskje ned ein midtgang med far eller andre.

Å gifte seg er ei offentleg handling. Kyrkja har vigselfrett på lik linje med andre. Men i kyrkja får ein i tillegg Guds velsigning. Det er det som er forskjellen. I tillegg er musikken, stemninga og ramma rundt ei kyrkjeleg vigsel ei anna.

Eg fekk mitt eventyrbryllaup, og eg tør faktisk påstå at eg ikkje ville fått det ein annan stad enn i kyrkja. Den majestetiske orgelmusikken understreker høgtidelegheita det faktisk er å gå opp midtgangen i kyrkja mot sin kommande ektemann. Å stå på den kjende kyrkjetrappa føltes surrealistisk, og når eg ser på bilde av det i dag, lurar eg på om eg i det heile tatt var der. Men eg har ring på fingeren, så det må eg ha vore.

For meg var det spesielt å gifte seg i kyrkja. Ikkje berre fordi eg sjølv er kristen, men også fordi eg også er norsk. Kyrkja er ein stor del av vår viktige norske kulturarv. Når store hendingar, triste eller gledelege, skjer i liva våre, er det ofte til kyrkja vi søker, uavhengig av om ein er flittig kyrkjegjengar eller ei.

Å seie ja til å leve saman med ein annan person resten av livet, er eit av dei største løfta ein kan gi. Å få Guds velsigning over ei slikt løfte, og i tillegg få den majestetiske opplevinga det er å inngå ekteskap i eit kyrkjerom, unner eg alle.

av Ingvild Rørtveit Myklebust

### Kyrkja i Tysvær og Bokn

**Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn**

**Telefon\*: 52 75 77 00**

**Internett: www.tysvaerkirken.no**

**E-post: kyrkja@tysver.kommune.no**

**Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn**

åpningstid: tirsdag, onsdag, torsdag og fredag, kl. 10 - 14

### Sokneprest Arne Aurdal

Tysvær og Bokn sokn, Aksdal Kyrkje  
Mobiltelefon: 93 415 402

### Sokneprest Bård Egil Dyrhol

mobiltelefon: 982 42 073

### Sokneprest Einar Andreassen

Mobiltelefon: 971 08 788

### Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre

mobiltelefon: 481 35 457

### Diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus

Aksdal Kyrkje, mobiltelefon: 48 891 427

### Trusopplæring/Kyrkjenær

**Leiari Kyrkjenær:** Marit Sofie Teistedal Vikre

**Medarbeidarar:**

Nedstrand: Ingrid H. Landro  
Tysvær: Marit Sofie Teistedal Vikre  
Førresfjorden: Kari Undheim  
Bokn og Førresfjorden: Greta  
Skorpe Elverhaug  
Telefon: 52 75 77 00\*

### Organistar

**Johannes Støle**, mob: 456 00 925  
**Stein Johannes Kolnes**, mob. 909 18 088  
**Bergfrid Seibt**, Tysvær kyrkje  
**Gunn Bergvold Larsen**,  
Bokn sokn tel.: 52 83 20 04

### Kyrkjevevjerje

**Tysvær kommune:** Eva Birkeland  
Mobiltelefon: 950 51 038  
**Bokn kommune:** Jan Magne Moi  
Mobiltelefon: 913 59 668

### Kyrkjetonarar

**Tysvær sokn:** Ingebrigt Lundervold  
Mobiltelefon: 404 11 889

**Førresfjorden sokn:**

**Kenneth Hammarqvist** mobil 474 54 748 og  
**Merete Halleland Maudal** mobil 959 61 359

**Bokn sokn:** Odd Grønnestad

Telefon 52 74 84 03

**Nedstrand sokn:** Steinar Nordeide

Mobiltelefon: 934 15 403

# Som barn i ditt hus

av Bård Egil Dyrhol

## Vers 1

Som barn i ditt hus har vi hver og en ett sted,  
der vi kan søke ditt ansikt,  
og du gir oss av din fred.  
Så møtes vi her i din store faderfavn.  
Du lar oss juble og glede oss  
når vi er samlet i ditt navn.

## Refreng:

Du har lovet å være til stede  
for å dele vår sorg og vår glede.  
Gi oss vilje og mot til å leve,  
Herre, som barn i ditt hus.

## Vers 2

Som barn i ditt hus gir du rom for alt vi er.  
Vi har vår styrke og svakhet.  
Midt i alt er du oss nær.  
Du samler oss nå til bønn og lovsang  
rundt ditt bord.  
Og vi skal gå med din kjærlighet  
ut til alle folk på jord.

Vi ber for din kirke,  
Vi ber for hverandre.  
Vi ber for vår verden.  
Velsign oss du, vår Gud!

Norsk salmebok nr. 564

«Som barn i Guds hus» er ein av dei salmane som er komne i inn i den nye salmeboka. Det er Hans Olav Mørk som har skrive teksta og Tore W. Aas som har laga melodien.

Salmen handlar om det å høyre til. Det å ha ein heim. I ein heim kan ein vere seg sjøl. Der slepp ein å gjere seg til. Slepp å spele skodespel. Slepp å bere maske. Det er ein plass der ein kan legge av bekymringane. Der ein kan vere trygg. Der ein er sett og elska. Det er i alle fall ideala for ein heim, sjøl om ikkje alle opplever sin eigen heim slik.

Å vere barn i Guds hus er å finne sin plass, det er å oppleve ein open og raus fars famn. Der vi kan få vere med våre styrker og svakheiter. Der vi kan få feire dei største gledene i livet, og få trøyst i dei største sorgene. Det er ein plass for å få kjærleik, og gi kjærleik vidare til kvarandre og verda vi alle er ein del av.

Alt dette klarar denne enkle salmen å formidle, derfor ønskjer eg å dele den med dykk alle. Denne salmen bruker vi også i Kyrkjener og i konfirmasjonstida. Og vi syng han derfor ein del i gudstenestene våre.



Og etter turen skeinte folk seg opp til festkveld med både minikonsert og perspektiver fra Bibelen etterfulgt av noen rare innslag rundt kaffebordet.

Søndagen var også et høydepunkt med bønn i grupper, gudstjeneste og en god middag.

**Bilde over:** Barbro Sulebakk hadde konsert. Hun skriver både tekster og melodier selv.

**Bilde til venstre:** Toppen er nådd! Fin tur til Hodnafjellet 325 m.o.h.

# Sensommerleiren ble en opptur

av Kørner Høie

Tenk nøye over hvilke sanger dere lærer barna, for de skal vare livet ut, sa Barbro Sulebakk da hun hadde et tema om «Hvorfor synger vi?» Dette sa hun til dem som var på leir på Stemmestaden siste helg i august.

Tema for leiren var «Opptur». Og det ble det på flere måter. Flott sang av Barbro, god forkynnelse, gjensynsglede og nye bekjenskaper. Og turer ble det også. Med kaffi og kringle i sekken drog noen til Dragavika, andre til Hodnafjellet.



## Spørsmål om livet?



Prøv Alpha. Det blir nytt kurs i Tysværvåg på Soknehuset i høst. Det starter onsdag 26. oktober og fortsetter ca annenhver onsdag fram til mars.

Det blir ti kvelder med kveldsmat, undervisning, gruppesamtaler og litt sang. God anledning til å komme med spørsmål om livet. Det er en lokal komite i Tysvær kyrkjelyd som har ansvaret.

Hiv deg på telefonen til Marit Sofie Teistedal Vikre 48135457 eller Kørner Høie 98216182 og få mer informasjon!

## Mannstreff på Stemmestaden

av Kørner Høie

**Kort leir for mannfolk! Vi er viktige hjemme, så vi kan bare reise bort et døgn. Men etterpå kommer vi hjem igjen glade og fornøyde.**

Det skjer fredag til lørdag 14.-15. oktober. Rune Birkeland, prest på land og sjø, Erik Rørtveit, regionleder, Kjell Bjelland, kjent fra tur til Snøhetta med Lars Monsen, Siv og Børt Erik Ullvang, med gitar og mikrofoner kommer.

Formålet er at vi skal bli gode etterfølgere av Mesteren. Vi ønsker å lokke fram det beste i alle menn! Ring Kørner Høie, tlf 98216182, for mer informasjon.

## Vi starter nytt BARNEKOR



for alle som liker å syng

For deg som går i 1. til 4. klasse

Aksdal kyrkje hver onsdag kl. 17.00 - 18.00



## Nedstrand kyrkjeforum Program for hausten 2016:



**Kunstutstilling 28. oktober til 14. november**  
Utstillinga «Den store fortellingen» er på vandring rundt i heile landet, og vert ståande i Nedstrand kyrkje frå 28. oktober til 14. november.

Dette er ei samling av 56 malerier av kunstnaren Nelly Bube fra Kasakhstan. I den eine utstillinga; «Fra Eden til Damaskus» malar ho seg igjennom 26 bibelfortellingar - frå skapelsen til Paulus møter Kristus utanfor Damaskus. Dei 30 maleria i "Sennepsfrøet" er Nelly Bube si gjengiving av likningane Jesus fortalte.

## Bibelselskapet

kjelde: nellybube.no  
Utstillinga er i regi av Bibelselskapet og Nedstrand kyrkjeforum



## Syse og Nordhaug til Nedstrand kyrkje

Forsker og filosof Henrik Syse og biskop Halvor Nordhaug har sammen gitt ut boka "Hvor kristent skal Norge være?" I boka trekkes noen historiske linjer fra kristendommens opprinnelse og fram til i dag, for å vise hvordan kristendommen har påvirket dagens menneskesyn, lovverk og samfunnsliv.

Møt Syse & Nordhaug i Nedstrand kyrkje tirsdag 1. november klokken 19.00.

kjelde: tysver.kommune.no/blest  
arr: bLEST Litteraturfest og Nedstrand kyrkjeforum



## Spekter - et minne for livet

av Vilde Gangstø Davidsen

Spekter. Hva er det egentlig? Er det i det hele tatt noe som eksisterer? Eventuelt, hvor finner man det? Det er slike ting man får svar på, på Spekter. Lære at man har et spekter inni seg, i Gud og i alt rundt oss, får man på denne festivalen, under gudstjenester, fortalt av forskjellige prester. Dette er gudstjenester gjerne litt utenom det man er vant til. Gjennom musikk, dans og drama får man prekener om tro, liv og lære på en spennende måte. Men det er på langt nær alt som skjer. Faktisk er gudstjenestene, på tross av at de bygger en grunnmur under hele arrangementet, bare en liten del av alt som skjer i løpet av de fire dagene. Musikk, sport, foredrag og sosialt hører også med, og spiller en stor rolle i helheten og opplevelsene man får.

Gruppen som reiste fra Aksdal var en gjeng som besto av elleve konfirmanter. Etter nærmere et år sammen på konfirmantsamlinger, kjente alle hverandre godt da turen til Bærum begynte, tidlig en fredags morgen. Etter en nærmere åtte timers lang busstur, inkludert en etterlengtet pause, var vi endelig fremme i Bærum, på skolen vi skulle tilbringe nettene på. Det ble tid til innlosjering og en matbit før vi tok turen til Kalvøya, og festivalområdet. Det viste seg å være over alle forventninger, og det ble stor ekstase i gruppen ved synet av det forsegjorte arrangementsområdet. Etter en vellykket åpningsseremoni, litt tid til å se seg om på området, i tillegg til et par konserter, var det på tide å komme seg tilbake.

De følgende dagene var innholdsrike. Dagene startet alltid med en gudstjeneste. Etterpå kunne vi delta på ulike aktiviteter. Som konfirmanter var vi forhåndspåmeldt til et seminar og et teaterstykke. Utenom disse tingene var vi for det meste fri til å gjøre hva vi ville, og det var ikke lite å velge i mellom. Fotball, bading, eller kanskje det hørtes gøy ut å delta på et foredrag om menneskehandel eller flyktningkrisen? Mulig det fristet med «Spekternes mester», en prat med en ekte munk, eller et besøk i tivoli? Det var også muligheter for å sette seg ned å bare slappe av eller være sosial i en sofagruppe under tak. Vi fikk også lov til å ta oss noen småturer til Sandvika Storsenter, dersom det ble nødvendig med et lite avbrekk.

Da kveldene kom og det var klart for konserter, var det mange kjente fjes, og muligheter for å få både selfies og autograf. Enten kunne man velge å gå på konsert i det store sirkusteltet, sitte ute på marken ved amfiscenen, eller gå på hagefest med konsert i skogen.

Alt i alt var det å delta på Spekter et minne for livet, og en utrolig spennende opplevelse. Ikke bare lærte vi nye ting og fikk bryne oss på nye oppgaver, men vi møtte også mange nye mennesker. Selv for de mest sjenerte var det vanskelig å ikke finne minst et par nye å snakke med. Vi ble bedre kjent med hverandre innad i gruppen, opplevde nye ting, møtte nye mennesker, og sist men ikke minst; vi hadde en utrolig kjekk langhelg, som sent vil glemmes.

## Om Spekter

24. – 28. juni 2016 var det for aller første gang klart for festivalen Spekter på Kalvøya. KFUK – KFUM har etter mange år på Gjøvik valgt å flytte organisasjonens store sommerfestival for ungdom (tidligere TT) til Kalvøya i Bærum. Festivalen har også fått nytt navn – Spekter. Spekter er en tverrkirkelig møteplass som ønsker å nå en bred målgruppe. Det er derfor laget innhold til både konfirmanter, ungdommer og Unge Voksne. Her er det konserter, festivalstemning, idrettsaktiviteter og turneringer, workshops, sol, bading, friluftsliv, seminarer, kristent felleskap, rettferdighet, dialog, vennskap, tro, kveldsmesse etc.

Spekter skal ha fokus på kultur gjennom musikk, dans, drama, idrett og generell ungdomskultur. I tillegg skal festivalen være en åpen kristen arena som gir rom for hele mennesket i et tverrkirkelig og mangfoldig fellesskap. Spekter vil også motivere til samfunnsengasjement og utfordre til handling for omverdenen. Spekter er en festival der deltakerne selv får velge hva de ønsker å delta på. Du skal få være deg selv, gjøre det du selv liker, og finne din egen plass i fellesskapet. (Utdrag fra [www.spekterfestival.no](http://www.spekterfestival.no))

24. juni 2016 reiste 11 konfirmanter fra Førresfjorden menighet til Spekter. Ledere var konfirmantansvarlig Ragnhild Elisabeth Risanger Meland og Lykke Seidel, ettåring i Førresfjorden menighet. Lederne hilser og takker for en glimrende tur med strålende konfirmanter. Vilde Gangstø Davidsen, Hedda Sildelid Søvik, Heidi Pedersen Stonghaugen, Morten Ågotnes, Turid Elin Tjoland, Andrea Selene Stenersen, Steffen Emil Kismul, Natalie Blikra Libæk, Stian Leversund, Thomas Sandvik Johansen og Caroline Clausen

KALVØYA  
24.–28. juni



[spekterfestival.no](http://spekterfestival.no)

@spekterfestival  
#spekterfestival

## Misjonsprosjekt:

# Mali

**Vi, det vil seie Nedstrand, Skjoldastraumen og Førresfjorden kyrkjelydar er med Normisjon og driv arbeid i Mali.**

Mali er eit stort land i vest Afrika. Det er omlag fire gonger så stort som Norge. Landet har no 16 millionar innbyggjarar. Landet er rikt på kultur og har ei spennande historie, naturen er variert og klimaet varmt og til tider plagsamt varmt! Våre maliske venner scorar høgt på gjestfrihet. Dei store inntektskjeldene er bomull, gull og kjøtproduksjon.

Landet er dessverre prega av uro og mykje korrupsjon. I nord er det ein komplisert konflikt mellom hæren og ulike grupper som har ulike draumar for landet. Islamistiske grupper blandar seg inn i denne konflikten, er aktive ulike stader i landet og angrip stadig FN-troppene og den maliske hæren. FN oppdraget i Mali er det blodigaste oppdraget FN har hatt på mange år.

Normisjon har arbeida i Mali sidan 1981. Ein har vore med og starta ei luthersk kyrkje som i dag tel over 2000 medlemmer. Kyrkja er delt inn i fire distrikt. Normisjon har sidan oppstarten i Mali bidrege med ulike bistandsprosjekt innan helse, infrastruktur, lese- og skriveopplæring og språkarbeid.

Kyrkjelydane er med og støttar bibelskulen i Bafoulabé. Skulen vart starta i 1997. Kyrkja hadde bruk



for leiarar med kompetanse og livserfaring til ulike leiaroppgåver. På bibelskulen får dei undervisning i mange fag, til dømes; det gamle testamentet, det nye testamentet, sjelesorg, formidling, song og musikk, drama, radioarbeid, hagebruk -dei lærer å dyrke grønnsaker, pøde trær osv.

Elevane går tre vårsemester frå januar til slutten av april. Dette skuldast at dei fleste som går på skulen er bønder som lever av jordbruk. Dei byrjar klargjering av åkrane i mai, deretter er det sårarbeid i juni og juli, litt avhengig av kor mykje regn som kjem. I september kan dei byrja å hauste mais, medan hirsene og peanøttene er klare til innhausting i november og desember.

Mange av elevane som har gått på bibelskulen har hatt lite lese- og skrivekunnskapar. Dette har gjort at ein må leggje undervisninga deretter. Undervisning bør skje på bambara som er det språket som flest kan. Elles må ein nytte tolk. Vi har elevar som i hovudsak



## Vårt misjonsprosjekt

**Alle kyrkjelydane i Tysvær og Bokn har misjonsprosjekt som dei støttar gjennom gåver og forbøn.**

**I Kyrkjetonar vil me presentera dei ulike misjonsprosjekta.**

**I dette nummeret presenterer Gjermund Lygre arbeidet i Mali**



er frå tre-fire ulike folkegrupper; malinkear, khassonkear, bambara, og fulanerar. No ser vi at fleire av elevane har betre lese- og skrivekunnskapar når dei kjem. Dette året hadde tre av 8 elevar gått noko på vidaregåande. Kyrkja treng også leiarar med eit høgare nivå. Vi har saman med kyrkja sendt folk vidare på presteseminarer/teologiske institusjonar. Desse er og kan bli ressurspersonar i kyrkja på ulike områder.

Vi gler oss no over at tidlegare elevar på bibelskulen har viktige nøkkelroller i kyrkja. Samstundes vil vi bli betre på personlege oppfølging av den enkelte elev/leiar i kyrkja. Dei som oss treng vegleing for å bli gode, modne og integrerte personar som er til å stole på i økonomiske saker, i forhold til makt og i det å omgås andre menneske på ein truverdig og god måte.

Vi har eit flott radiostudio på skulen. Vi har ein draum om ein dag å få kunne sende program frå bibelskulen på vår eigen frekvens. Dette er eit stort og krevjande prosjekt, men spennande, men utan draumar er det lite som skjer!

## Velkommen til Kyrkjeneær-arrangement!

Kyrkjeneær sender ut mange invitasjonar til arrangement i haust. For at de skal vere litt førebudde på kva de blir inviterte til og kva tid de helst bør vere heime, presenterer vi her ein enkel oversikt. Kvar samling har eigne tema og aktiviteter knytta til temaet.

### For alle som har born i alderen 0-12 mnd: Babysong

#### Skjoldastraumen kyrkje: torsdagar kl 10– 11.30

1.september  
8.september  
15.september  
22.september  
6.oktober  
27.oktober  
3.november

#### Aksdal kyrkje Onsdagar kl 10 – 11.30

14. september  
21. september  
28. september  
5. oktober  
19. oktober  
26. oktober  
2. november

#### Tysvær soknehus Torsdagar kl. 10.00 -12.00

22.september  
29.september  
6.oktober  
20.oktober  
27.oktober  
3.november  
10.november

Dei ulike kyrkjelydane har litt forskjellige tilbod, men det meste er likt og skjer omtrent på same tidspunkt. De kan finne meir detaljert informasjon på [www.tysvaerkirken.no](http://www.tysvaerkirken.no) eller ved å kontakte kyrkjekontoret.

### for 3.- 7. klasse: Etter skoletid i Aksdal kyrkje

Etter skoletid er eit tilbod i Aksdal kyrkjepå onsdagar rett etter skoletid. Her er det bibelsamlingar med forskjellige tema, leksehjelp, mat og mange ulike aktiviteter. Oppstart 7.september.

### 9 år/ 4.klasse: Misjonsdag på Stemmestaden

4.klasse blir inviterte til ein aktivitetsdag med tema misjon. Den er i år på Stemmestaden måndag 19.september. Det blir mange spennande aktiviteter og samlingar knytta til temaet.

### 7 år/2.klasse: Hausttakkefest og dåpsskole 2

I alle kyrkjene blir det hausttakkefest: Tysvær, Nedstrand, Skjoldastraumen og Aksdal søndag 25.september og Bokn kyrkje 2.oktober. I forkant blir borna inviterte til ei eller to samlingar om skaparverket.

### 12 år/7.klasse: Online-leir på Stemmestaden

I år forsøker vi eit nytt tiltak for 7.klassingane. Dei blir inviterte til leir 21.-23.oktober på Stemmestaden. Temaet blir Online – å vere på nett med Gud og kvarandre og vil blant anna handle om nettvett.

### 3 år: Undretur i kyrkja

I Tysvær, Bokn, Nedstrand og Skjoldastraumen får 3 åringane invitasjon til undretur i kyrkja si. Der får dei bli betre kjent med kyrkjerommet og dei tinga som er der. Dette skjer på litt forskjellige tider i dei ulike kyrkjene så fylg med i posten om det kjem ein invitasjon eller spør oss.

### 4 år: Barnebibelen

4-åringane får Barnebibel av kyrkja si. I år vert dei utdelte i forbindelse med gudstenestene 13.november. I forkant blir borna inviterte til samlingar der dei får lage noko og bli litt kjende med oss som jobbar i kyrkja.

### 11 år/6.klasse: Lys Vaken

Første helga i advent blir 11-åringar i heile landet inviterte til Lys Vaken – overnatting i kyrkja. I Tysvær og Bokn har kyrkjelydane litt ulike modellar på gjennomføringa av dette, men alle inviterer til Lys Vaken-samling 26. – 27.november. Dette er supre, spennande timar i kyrkjerommet!

### 5 år: Julekrybbeverkstad og Julevandringar

Nedstrand sokn inviterer 5 åringane til julekrybbeverkstad. I løpet av to samlingar får 5-åringane bli kjende med juleevangeliet og lage si eiga julekrybbe av ei pappeske. Dei andre 5-åringane i Tysvær og Bokn blir inviterte til julevandringar i kyrkjene sine.

### Alle 4.klassinger i Bokn og Tysvær er velkommen til: Aktivitetsdag på Stemmestaden, mandag 19. september.

Skolene har fri denne dagen, og da kan det passe bra å oppleve en «annerledes» dag sammen med mange andre gutter og jenter! Hovedtemaet er misjon.

Vi skal bl.a oppleve hvordan det er å leve i en Malilandsby, det blir anledning til å spille fotball eller gjøre andre aktiviteter, og det blir servert god mat.

Påmelding på [www.tysvaerkirken.no](http://www.tysvaerkirken.no) Der ligger det også mer informasjon om dagen.



### Kickoff for konfirmantene i Førresfjorden menighet

av Ragnhild Elisabeth Risanger Mæland

#### Torsdag 25. august var det Kickoff for konfirmantene i Førresfjorden menighet. Undervisning, fotografering, ballspill og informasjon sto på programmet.

Vi som jobber med konfirmantarbeid fikk gleden av å møte mange positive og glade ungdommer. Gledelig var det også at vi hadde syv flotte ungdomsledere med oss på laget. Høsten 2015 og våren 2016 var disse med på Minilederkurs(MILK) i regi av Førresfjorden menighet. I høst har sju av dem meldt seg på kursserien: Ledere i vekst (LIV) i regi av KFUK-KFUM. Kurset innebærer at de skal ha noe praksis i

menighetsarbeidet i menigheten. Kickoff ble derfor en Kickoff for både konfirmanter og ungdomsledere. Hurra!

Dersom du som leser skulle treffe noen som ønsker å være konfirmant i Aksdal kyrkje, mai 2017, så er det fremdeles mulig å melde seg på. Informasjon om opplegget, samt påmeldingsskjema ligger på våre nettsider [www.tysvaerkirken.no](http://www.tysvaerkirken.no)

Ta kontakt med Ragnhild Elisabeth Risanger Meland for mer informasjon. Telefon: 52 75 77 09 eller mobil 97 59 50 69 eller e-post [remeland@tysver.kommune.no](mailto:remeland@tysver.kommune.no)

## Oppstart for konfirmantane i Tysvær og Bokn

av Jan Magne Moi

**Laurdag 27. august hadde konfirmantane i Tysvær og Bokn første samlinga.**

Første del av samlinga var i Tysvær kyrkje der dei fekk ein repetisjon om dåpen og kva dei har i den. Med ulike verkemiddel vart dei introdusert for bibeltekstar og bibelfortellingar.

Etterpå bar det ned til Soknehuset for pizza. Her fortsette programmet med fingermaling til illustrasjon av dåpssalme og dramatisering til preiketeksten. Konfirmantane står føre eit variert og lærerikt program for vinteren. Eit av høgdepunkta er leiren som skal vere i januar.



Korleis er det å ikkje sjå men bli leia av andre?

## Konfirmantåret er i gong i Nedstrand sokn!

tekst: Ingrid Hustoft Landro/Ingrid H. Landro og Anne Haukeland



Den beste løysinga er å samarbeida, også på konfirmantleir.



**Konfirmantane i Nedstrand og Skjoldastraumen starta konfirmantåret friskt med Off Piste- leir på Øvre Amdal 26. – 28.august.**

Her blir dei godt kjende med kvarandre, får bibelundervisning i frisk luft, slår opp lavvoar, lagar mat på bål, får erfaring med mørklagt utedo og håndvask i bekken, lærer å fryse og å holde varmen, får røyk i augene og myggstikk på kroppen, opplever soloppgang, lukta av nykott bålkaffi....og mykje meir.

Lørdagen var dei på Hinderåvåg og fekk undervisning i kyrkja av Janne Eide. Ho lærte dei om symbolbruk, kyrkjearkitektur, kyrkjekunst og tradisjonar. Dei var og på skytebanen og fekk skytetrening av skyttarlaget. På Soknatun serverte blide foreldre tomatsuppe og deilig gjærbakst.

Søndag slutta leiren av med ei friluftsgudsteneste med Bibel, song og dramatisering i skjønn forening med sveittelukt og sure sokkar, og fleire foreldre og familie hadde funne vegen opp for å delta.

Engasjerte, flinke konfirmantleiarar kunne nok eingong erklære konfirmantåret for åpnar og avviklinga av Off Piste- leiren 2016 for vellykka.



